

DEN NORSKE KYRKJA

Etnedal kyrkjelege fellestråd

Til stades:

Torill Stubbene	Bruflat sokneråd (nestleiar)
Ingun Kompen	Bruflat sokneråd
Kari Skogstad	Nord-Etnedal sokneråd
Anders Grønbrekk	Nord-Etnedal sokneråd (leiar)
Marit Slettum	Geistlig representant
Bjørn Nermoen	Kommunal representant

Sekretær:

Marit Slettum

MØTEPROTOKOLL

Etnedal kyrkjelege fellestråd

Stad: Bruflatlie 30

Tid: Torsdag 12. november kl. 18

Orientering- og drøftingssaker:

- Info ved leiar og sokneprest
Det har vore møte med rådmann, og møte med økonomisjef er planlagt.
- Tema: Årsbudsjett og økonomiplan, sekretær på Kyrkekontoret, praktiske tema knytta til kyrkjegardsutviding, parkering og universell utforming ved Nord-Etnedal kyrkje.
Brønner i Nord-Etnedal er no sikra mot forurensing. Vannprøve vil bli take snarast råd.

Ny trapp til klokketårn vil bli laga i næraste framtid.

Bruflat:

Vedlikehaldsoppgåver på kyrkjebygg, portrom og steinmur vart drøfta.

Trammen ved hovedinngang i Bruflat kyrkje er reparert.

Når det gjeld steinmur og evt. opning i muren mot sør-aust, blir saka sendt over til Bruflat sokneråd for drøfting og uttale.

- Økonomiplan 2020-2023 – til orientering for fellestrådet.
Framlegg til økonomiplan og årsbudsjett blir lagt fram på neste møte.
- Videoutstyr til Bruflat kyrkje er på plass. Det har allereide vore i bruk.
- *Korona-pandemien*, smitteverntiltak, pr. 06.11.2020
Marginale endringar for Etnedal. 50 er pr. idag max antal ved gudstenester, kyrkjelege handlingar og alle andre arrangement i kyrkja.


Sak 16/2020 Godkjenning av møteinnkalling

Vedtak: Møteinnkallinga vart godkjent.

Einstemmig

Sak 17/2020 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 19.06.2020

Vedtak : Møteprotokollen vart godkjent med fylgjande merknad;



DEN NORSKE KYRKJA

Etnedal kyrkjelege fellestråd

Revisjonsberetninga for 2019 mår formelt godkjennast.
Einstemmig

Sak 18/2020 Val av ny revisor

Etnedal kommune fører rekneskapen for Etnedal kyrkjelege fellestråd. Frå og med rekneskapsår 2020 kjøper kommunen revisjonstenester frå Innlandet revisjon.

Håndbok for fellestråd og sokneråd. Økonomiarbeid for den norske kyrkja, 8.10
«For kyrkjelege fellestråd og sokneråd med inntekter større enn **250.000**, skal rekneskapen reviderast av kommunerevisor, statsautorisert eller registrert revisor.»

Sidan Etnedal kommune kjøper tenester frå Innlandet revisjon, er det naturleg at fellestrådet gjer det same.

Vedtak:

Etnedal kyrkjelege fellestråd vil, i likheit med Etnedal kommune, kjøpe revisjonstenester frå Innlandet revisjon.

Sak 19/2020 Ymse

Val av leiar og nestleiar for 2021 blir sett opp som sak på neste møte.

*Neste møte: Tysdag 15. desember 2020 kl. 10
Stad: Bruflatlie 30*

Etnedal, 13. november 2020

Anders Grønbrekk

Leiar
Etnedal kyrkjelege fellestråd

Marit Slettum
Spr. og sekretær